



Finansdepartementet

Skrivet vert berre sendt som e-post.

Vår referanse:
11/611/15/6508/INT/NE

Arkivkode:
FE-232, TI-&04

Dykkar referanse:

Dato:
17.09.2015

HØYRINGSUTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE TIL FINANSDEPARTEMENTET SITT FORSLAG OM Å FJERNE EIGEDOMSSBESKATNING PÅ ARBEIDSMASKINER MV. I VERK OG BRUK

Me melder med dette frå om at formannskapet i Samnanger i møte 16.09.2015 har fatta slikt vedtak:

Samnanger kommune støtter ikkje Finansdepartementet sitt forslag om å fjerna eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mm. i verk og bruk eller forslaget om i tillegg å fjerna verk og bruk som lovbegrep og utskrivingsalternativ.

Dersom forslaget vert vedtatt vil det for Samnanger kommune føre til eit årleg tap i inntektene på ca 3 – 3,5 millionar kroner. I prosent utgjer det ca 30 % av inntektene frå eigedomsskatt på verk og bruk og ca 1,8 % av dei totale driftsinntektene i kommunen. I tillegg vil forslaget føre til at det vert nødvendig å foreta ein fullstendig omtaksering av alle verk og bruk i kommunen. Kostnaden med omtakseringa vil for Samnanger kommune bli ca 130 000 kroner.

Samnanger kommune ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld skatteinngang frå inntekt og formue. Inntekt frå eigedomsskatt på verk og bruk har i mange år gitt kommunen økonomiske rammevilkår til å kunna gi innbyggjarane god kvalitet på tenestene. Dersom forslaget vert vedtatt, vil det medføre at Samnanger kommune må redusera driftsutgiftene med eit tilsvarende beløp, og/eller auka nivået på eigedomsskatt på private eigedomar. Innafor ein allereie stram økonomi, vil forslaget kunna medføra redusert tenestetilbod til innbyggjarane.

Moglegheita med å skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk har hatt betydning for kommunen sin haldning til mellom anna nye kraftlinjer. Eigedomsskatten er den einaste reine kommunale skatteordninga og er den skatteordninga som er best eigna til å oppfylle målet om at ein del av verdiskapinga skal gå direkte til lokalsamfunnet.

Det vert hevda i høyringsnotatet at skatt på verk og bruk fører til eit stort tal klager. Samnanger kommune gjennomførte omtaksering av verk og bruk i 2012. Av 15 verk og bruk som vart taksert, kom det 1 klage.

Samnanger kommune stiller seg bak høyringsuttale som er gitt av KS og LVK. Me støttar og forslaget om at det vert utarbeidd nasjonale retningslinjer for eigedomsskatt på verk og bruk. Me er og einige i at det bør vurderast om kommunane kan vedta botnfrådrag til skjerming av småbedrifter og adgang til å gi fritak for nystarta bedrifter.

Med helsing


Tone Ramsli
rådmann

Nina Erdal
økonomisjef